Ulstein kommune
Teknisk etat

Møre og Romsdal fylke
Øyunn Kleiva
Julsundv. 9, Fylkeshuset
6404 MOLDE

Saksnr	*Løpenr.*	*Sakshandsamar*	*Dato*
2011/133	7938/2011	BFR	29.08.2011

FORTAU LANGS OSNESVEGEN

Fortau langs Osnesvegen ligg ikkje inne på prioritert liste for trafikktryggingstiltak i kommunedeleplanen for trafikktrygging, men Ulstein Group ASA har gjeve tilsagn om tilskot til 50 % finansiering av fortau. Det er difor frå Ulstein kommune si side sett i gang arbeid med å få realisert fortau langs Osnesvegen snarast mogeleg. Osnesvegen er smal med relativt mykje trafikk, som gjer den utsett for mjuke trafikantar.

I reguleringsplan Osnessanden - Oshaugen er det regulert inn fortau på 3 meters breidde langs eksisterande veg. Fortauet vil bli bygd med 2,5 m breidde for å spare areal.

Det har vore utført arkeologisk utgraving innanfor regulert fortau i sommar, der det vart funne kokegroper og ardspor. Rapport frå utgravinga vil etter dei opplysningane kommunen har ligge føre med det aller første.

Etter at arbeidet med prosjektering av fortau har starta opp ser ein at det er knapt med areal som er regulert til formålet, dette gjeld strekninga frå driftsområdet ved kyrkjegarden til avkøyrsle til busetnad på Osneset, vist i vedlegg. Det er difor ønskeleg å gå utanfor regulert areal for fyllingsfoten av fortau. Det er ikkje nødvendig med fjerning av matjord utanfor regulert fortau, fyllingsfoten kan leggjast oppå dagens terreng. Arealet til fyllingsfoten vil variere frå litt over 1 meter i kvar ende av området og om lag 2 m på den midterste tredjeparten av området. Skråninga vil bli laga så bratt som mogeleg (1 på 1) for å redusere arealet av fyllingsfoten mest mogeleg.

Eit alternativ kunne ha vore å sett opp mur i reguleringsgrensa for ytterkant fortau, men dette vil bli uforholdsmessig dyrt, det vil bli ei mindre god løysning landskapsmessig og vil truleg føre til at fortau ikkje vil bli bygd i nær framtid.

Underteikna ber om eit positivt og raskt svar slik at vi kan kome vidare med prosjektet,

Postadresse:	Informasjonen:	70 01 75 00	postmottak@ulstein.kommune.no	Org. nr:	NO 964 979 456
Postboks 143	Telefon (dir):	70 01 76 04	bjarte.friisvold@ulstein.kommune.no	Bankgiro:	4137.07.10080
6067 Ulsteinvik	Telefax:		www.ulstein.kommune.no		

Med helsing

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Bjarte Friisvold
arealplanleggar

Vedlegg:
Konstruksjon fortau, plan, datert 30.08.2011
Konstruksjon fortau, orto, datert 30.08.2011
Fortau langs Osnesvegen, tverrprofil

Postadresse: Postboks 143 6067 Ulsteinvik
Informasjonen: 70 01 75 00
Telefon (dir): 70 01 76 04
Telefax:
postmottak@ulstein.kommune.no
bjarte.friisvold@ulstein.kommune.no
www.ulstein.kommune.no
Org. nr: NO 964 979 456
Bankgiro: 4137.07.10080